



Nina og Erik Tufte  
Bustølvegen 84  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1961 - 16/15050

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
02.08.2016

## GBNR 24/49 - Oppføring av mindre tilbygg - Orientering til partane

Administrasjonen viser til brev frå Alf Nilsen (nabo) dagsett 19.7.2016 og kontakt med Nina og Erik Tufte (tiltakshavar) vedrørande oppføring av uisolert vinterhage (tiltak/tilbygg) på gbnr 24/49.

Tilbygget vil på grunn av avstand til nabogrense under 4 meter ikkje vere unntatt søknadsplikt, jf SAK10 § 4-1, 1. ledd, bokstav (b).

Oppføring av tilbygget vil difor vere avhengig av søknad og godkjenning frå kommunen. Tilbygget kan omsøkast utan ansvarsrettar, jf SAK10 § 3-1, 1. ledd, bokstav (a).

Godkjenning av tilbygget med plassering nærare nabogrense enn 4 meter krev enten samtykke frå nabo (avstandserklæring) eller dispensasjon frå pbl § 29-4, jf pbl § 19-2. Utfallet av ein dispensasjonssøknad kan kommunen ikkje føreseie, men vil vere avhengig av grunngjevinga for søknaden, merknader frå nabo og andre relevante opplysningar. Avgjerd av eventuell søknad om dispensasjon og tiltak vil bli gjort gjennom vedtak som kan klagast på etter reglane i forvaltningslova/plan- og bygningslova.

Dersom tilbygget vert plassert på annan stad på eigedomen, som elles oppfyller vilkåra i SAK10 § 4-1, vurderer kommunen at det ikkje vil vere søknadspliktig.

Kommunen ber for ordens skuld om tilbakemelding innan 30.8.2016 om tiltakshavar vil søke om tiltaket med plassering som i dag, eller om dette blir flytta for å stette krava i SAK10 § 4-1.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Kopi til:**  
Alf Nilsen

Bustølvegen 76 5918

FREKHAUG